



REGISTRERT I	
STIFTELSESREGISTERET	
SAKNR	11/02045
DOK NR	7
12 SEPT 2011	
ORG NR	980912914   KHT

**NOTAT**  
uten oppfølging

*Deres ref:*

*Vår ref: ELKR 2006/6380*

*Dato: 18.08.2011*

## Astrid og Bjarne Slapgards minnefond

### Vedtekter

Stiftinga Astrid og Bjarne Slapgards minnefond er oppretta av Hovudutval for undervisning 11. mars 1999, etter avtale med arvingane og etter Bjarne Slapgards testamente. Stiftinga sitt formål er å dele ut renteinntekter av grunnkapitalen i tråd med testamentet, som på dette punktet lyder:

- "a) Den eine halvparten går til ein ung verdaling som har merkt seg ut ved god bruk av nynorsk (skolelev, student, journalist eller liknande).
- b) Den andre halvparten skal gå til ein einskild person eller organisasjon i kommunen som har lagt ned godt arbeid for "Redd Barna".

Det vert utdeling av midlar annakvart år. Dersom fondsstyret finn det formålstenleg kan midlane delast ut kvart tredje år. Dersom ikkje styret finn verdige representantar, skal likevel rentene delast ut, under a) til Verdal mållag, "Trønderlaget", eller "Noregs Mållag", under b) beinvegs til "Redd Barna", Oslo."

Grunnkapitalen er på kr 250.000,-. Kapitalen blir no forvalta av Driftskomiteen, som kvart fjerde år vel eit styre på tre medlemer.

Verdal, 20.08.2011

*Trude Holm*  
Trude Holm

*Gjermund Haga*  
Gjermund Haga

*Maj-Brit S. Larsen*  
Maj-Brit S. Larsen